

**Positiv trafikkutvikling**

01.03.2013

**Talet på reisande over Stord lufthamn aukar.  
I februar reiste 1.927 personar over lufthamna.  
Samanlikna med samme månad i fjor utgjer dette  
ein vekst på 331 personar eller 20.7 prosent.**

Årsaka til den positive trafikkutviklinga er at Kværner Stord no har god sysselsetting på verftet sitt. Vidare er det gledeleg å sjå at stadig fleire privatpersonar vel å nytta seg av det lokale flytilbodet på den regionale lufthamna.

For å ta unna den aukande pendlartrafikken har Danish Air Transport AS bestemt seg for å setja inn større fly på Osloruta. Frå og med mandag 04. mars vert det sett inn ATR-72 med 68 passasjerar på denne ruta.

Lufthamnadministrasjonen jobbar saman med Kværner Stord for å få til ei flyrute frå Stord til Molde på mandag morgon med retur frå Molde til Stord torsdag kveld. Kværner Stord har ein del arbeidarar som pendlar fast til Molde i samband med arbeide på Ormen lange prosjektet på Aukra